



## Saksutgreiing

Arkivreferanse: 2022/16-4

Saksbehandlar: Tor Taraldsrud

### Saksgang

Saksnummer	Møtedato	Utval
2022/18	08.02.2022	Hovedutval for miljø og samfunnsutvikling

## Offentleg høyring og ettersyn: Endring av forskrift om motorferdsel i utmark og om ferdsel med luftfartøy og motorfartøy, Skjåk kommune, Innlandet:

### Saksutgreiing

Lov om motorferdsel i utmark vart endra i fjor vår slik at kommunen no kan tillate båt med elektrisk motor på inntil 800 watt på vatn som er mindre enn 2 kvadratkilometer. Kommunen kan gi løyve etter søknad (gjennom enkeltvedtak), det har allereie vore nokre slike tilfelle. Eller kommunen kan utarbeide ei forskrift som syner lokalitetar der ein kan opne for ferdsel med båt med elektrisk motor. Dette kan til dømes vera vatn som er lett tilgjengeleg eller vatn det allereie har vore fleire søknadar om bruk av båt med elektrisk motor. For vatn som ikkje er omhandla i forskrifta kan det eventuelt bli gjeve løyve etter søknad. Endringa gjeld motorferdsellova § 5:

#### *§ 5.(tillatelser etter vedtak)*

*Kommunen kan gi forskrift eller fatte enkeltvedtak om adgang til bruk av motorfartøy med elektrisk motor med inngangseffekt opptil 800 watt på innsjøer mindre enn 2 kvadratkilometer. Ved vurderingen av om det skal åpnes for slik ferdsel, skal det legges vekt på hensynet til vannet som levested for viltarter og fugler, og særskilt vekt på hensynet til hekkeområder. Det kan ikke gis adgang til motorferdsel som innebærer vesentlig skade på fugleliv.*

Skjåk kommune har ei lokal forskrift om motorferdsel i utmark der det i § 3 er lista opp vatn som er unnateke frå forbodet mot bruk av motorfartøy: <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2010-11-25-1883>. Ein kan endre denne forskrifta slik at den i tillegg inkluderer vatn der ein kan bruke elektrisk båtmotor.

Når ein fyrst skal endre forskrifta kan ein med fordel gjere om ordlyden noko for dei vassdraga som ligg i verneområda slik at reglane her kjem tydelegare fram.

### Vurdering

Motorferdsellova har eit generelt forbod mot motorferdsel i utmark og vassdrag. Loven har vore teknologinøytral slik at alle formar for motorisert ferdsel har vore omfatta, også elektrisk motor. Loven med tilhøyrande forskrifter har ulike unntak som opnar for noko motorferdsel i utmark.

Dersom ein opnar for ferdsel med elektrisk båtmotor vil det truleg føre til at noko ferdsel med båt utan motor blir erstatta med motorferdsel. I tillegg vil truleg den samla ferdselen auke i dei vatna ein opnar for bruk av elektrisk motor. Det kan ha konsekvensar for naturmangfald og friluftsliv.

I Skjåk er det mest aktuelt å opne for ferdsel med elektrisk båtmotor i vatna etter Ottavassdraget. Dei er lett tilgjengelege og har frå før ofte ein del ferdsel. Nokre av dei er utsett frå støy frå biltrafikk i og med at bilvegen går like ved delar av vatna. Følgjande vatn er aktuelle: Heggjebottvatnet, Vuluvatnet (Nysetervatnet), Heimdalsvatnet, Grotlivatnet, Søre Lægervatnet, Nørdre Lægervatnet og Langvatnet. Pollvatnet kan også vera aktuelt, men her kan det ha større konsekvensar for naturmangfald og friluftsliv. Det er fleire andre lokalitetar i Skjåk som kan vera aktuelle, men dei ligg mindre tilgjengeleg og vil derfor neppe vera aktuelle for mange. Dei kan bli handsama gjennom ordinær søknadsprosess om det skulle bli aktuelt.

I følge § 7 i Naturmangfaldslova skal denne forskriftsendringa vurderast etter dei miljørettslege prinsipp som går fram av Naturmangfaldlova § 8–12:

§ 8 - kunnskapsgrunnlaget: Heggjebottvatnet, Pollvatnet, Vuluvatnet, Heimdalsvatnet, Grotlivatnet, Søre og Nørdre Lægervatnet og Langvatnet ligg langs med Rv 15. Alle vatna er derfor påverka av støy frå motorferdsel, men ikkje i like stor grad. For dei vestlegaste vatna er isgangen normalt sein, her er det ein kort isfri periode. I stor kontrast til Pollvatnet og Heggjebottvatnet som kan vera delvis isfrie året rundt (på grunn av varmare vatn frå Framruste kraftverk som kjem ut i Pollvatnet).

Det er størst risiko for konsekvensar for fuglevil på vår og tidleg sommar i samband med hekkesesong og rastesesong under trekket.

Alle vatna har bestandar av aure og blir brukt ein del til fiske. Søre og Nørdre Lægervatna og Langvatnet ligg midt i det viktigaste trekkområdet for villrein i Reinheimen-Breheimen villreinområde. Det er ikkje ynskjeleg med stor trafikk i dette området, ein ynskjer derimot å legge til rette for at dette trekket skal fungere best mogleg. Løyve til bruk av el-motor på Lægervatna og Langvatnet vil truleg skape noko meir aktivitet på og ved vatna, men berre sommar og haust på grunn av normalt sein isgang. Det har truleg liten effekt på villrein samanlikna med effekten av Rv 15, Gamle Geirangerveg og spesielt rasteplassen ved Geirangerkrysset. Samstundes er det ofte summen av mange små vedtak som på sikt kan gi negative konsekvensar for villrein.

Det er gjort søk i Naturbasen og Artsdatabanken. Desse registera omfattar kjente miljøregistreringar. Liste med relevante registreringar frå artsdatabanken i denne saka (registreringar av fuglearter knytt til våtmark):

- Svartand, raudlistestatus: "nær trua", mogleg reproduksjon i 2017, området Lægervatna
- Krikkand, "livskraftig", Grotlivatnet, Vuluvatnet og Pollvatnet
- Laksand, "livskraftig", Grotlivatnet, Lægervatna og Pollvatnet
- Strandsnipe, "livskraftig", Vuluvatnet og Lægervatna
- Rødstilk, "livskraftig", Vuluvatnet, Grotlivatnet og Lægervatna
- Fiskemåke, "nær trua", Vuluvatnet, Grotlivatnet, Lægervatna og Langvatnet
- Rugde, "livskraftig", Grotlivatnet
- Trane, "livskraftig", Pollvatnet
- Sangsvane, "livskraftig", Pollvatnet
- Stokkand, "livskraftig", Pollvatnet
- Toppand, "livskraftig", Heggjebottvatnet
- Havørn, "livskraftig", Heggjebottvatnet
- Fiskeørn, "sårbar", Heggjebottvatnet, (reg. frå 1985)
- Gråhegre, "livskraftig", Heggjebottvatnet (reg. frå jan 2022)

- Fossekall, "livskraftig", Heggjebottvatnet

Det er ikkje gjort noko systematisk registreringsarbeid av våtmarksfugl i desse vatna. Registreringane i Artsdatabanken er meir tilfeldige. Vi har ikkje noko god oversikt over hekking og rasting ved desse lokalitetane.

Pollvatnet skil seg litt ut frå dei andre vatna med mange mindre øyer og grunne område med gode leveområde for mange artar knytt til våtmark. I tillegg er det relativt stor ferdsel ved Pollvatnet allereie: Hyttefolk, fiskarar, folk i kano og båt. Det er neppe eit problem for fuglelivet slik det er i dag, i og med at det er mange øyer og andre relativt skjerma delar av Pollvatnet. Med auka båttrafikk kan ferdsla på dei meir urørte områda i vatnet auke. Det er derfor grunn til å vera varsam med tiltak som kan auke ferdsla ytterlegare her. Midtsommars kan det vera ein del trafikk på Pollvatnet av båtar og kanoar, ein bør derfor tenkje seg om i høve til det eksisterande friluftslivet før ein opnar opp for ei gruppe til.

Det er ein god bestand av bever i Ottavassdraget. Det er registrert ei beverhytte i Pollvatnet.

Bruk av el-motor bidreg generelt med lite støy, men vil gjere det enklare å ferdast på vatna. Ferdsele vil derfor truleg auke.

§ 9 - føre-var prinsippet: Kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet i området er middels. I tillegg veit vi ein del om kor mykje ekstra ferdsel elektrisk båtmotor kan generere på bakgrunn av interesse / søknader i fjor. Utifrå dette blir det vurdert at kunnskapsgrunnlaget er godt nok til å gjere eit vedtak utan å ta i bruk "føre-var-prinsippet".

§ 10 - samla belastning for økosystemet: Ut frå tilgjengeleg kunnskap om området er det ikkje sannsynleg at løyvet vil påverke naturmangfaldet. Men det er avhengig av mengda ferdsel, spesielt tidleg i den isfrie sesongen. Pollvatnet er den lokaliteten der ein truleg bør vera mest varsam med å opne for elektrisk båtmotor.

§ 11 – kostnader ved miljøskade: Blir vurdert som lite relevant når det gjeld denne søknaden.

§ 12 - miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering: Bruk av el-motor er forsvarleg om vurderingane etter § 10 er gode nok.

I innstillinga under er ikkje Pollvatnet teke med blant dei vatna der det blir opna for bruk av elektrisk båtmotor.

Dersom ein skal endre forskrifta kan ein med fordel endre litt på ordlyden i § 3 i den lokale motorferdselsforskrifta for Skjåk. I staden for Skim kan ein bruke Ottaelva på strekningen Marlo bru til Lom grense. Eksisterande § 3:

**§ 3. Forbod mot bruk av motorfartøy**

*I Skjåk kommune er det sett forbod mot bruk av motorfartøy i alle vassdrag med mindre anna følgjer av denne forskrifta. Med vassdrag meiner ein opne og islagte elvar, bekkar og innsjøar.*

*Unnateke frå dette forbodet er bruk av båt med motor inntil 10 hk på:*

- Grønvatnet
- Breiddalsvatnet
- Kolbeinsvatnet
- Aursjoen

- Rauddalsvatnet
- Liavatnet.

For nokre vatn i verneområda gjeld eigne føresegner om bruk av båt med motor inntil 10 hk:

- Torsvatnet og Leirungsvatnet. Her gjeld [forskrift 24. november 2006 nr. 1302](#) om verneplan for Reinheimen, vedlegg 1. Vern av Reinheimen nasjonalpark, Rauma, Norddal, Vågå, Lom, Skjåk og Lesja kommunar, Møre og Romsdal og Oppland, jf. § 3, pkt. 6.3, bokstav f) og g).
- Lundadalsvatnet. Her gjeld [forskrift 7. august 2009 nr. 1064](#) om verneplan for breheimen. Vedlegg 1. Breheimen nasjonalpark, Skjåk, Lom og Luster kommunar, Oppland og Sogn og Fjordane, jf. § 3, pkt. 6.3, bokstav n).
- Skim (for delar av innsjøen) Her gjeld forskrift 12. oktober 1990 nr. 830 om freding av Risheimøyi naturreservat, Skjåk og Lom kommunar, Oppland, jf. kap. 5, pkt. 6

Forslag til ny § 3:

### **§ 3. Forbod mot bruk av motorfartøy**

I Skjåk kommune er det sett forbod mot bruk av motorfartøy i alle vassdrag med mindre anna følgjer av denne forskrifta. Med vassdrag meiner ein opne og islagte elvar, bekkar og innsjøar.

Unnateke frå dette forbodet er bruk av båt med motor inntil 10 hk på:

- Grønvatnet
- Breiddalsvatnet
- Kolbeinsvatnet
- Aursjoen
- Rauddalsvatnet
- Liavatnet.

For nokre vatn i verneområda gjeld eigne føresegner om bruk av båt med motor inntil 10 hk:

- Torsvatnet og Leirungsvatnet. Her gjeld [i tillegg forskrift 24. november 2006 nr. 1302](#) om verneplan for Reinheimen, vedlegg 1. Vern av Reinheimen nasjonalpark, Rauma, Norddal, Vågå, Lom, Skjåk og Lesja kommunar, Møre og Romsdal og Oppland, jf. § 3, pkt. 6.3, bokstav f) og g).
- Lundadalsvatnet. Her gjeld [i tillegg forskrift 7. august 2009 nr. 1064](#) om verneplan for breheimen. Vedlegg 1. Breheimen nasjonalpark, Skjåk, Lom og Luster kommunar, Oppland og Sogn og Fjordane, jf. § 3, pkt. 6.3, bokstav n).
- [Ottaelva frå Marlo bru til Lom grense. På delar av denne strekninga gjeld i tillegg forskrift 12. oktober 1990 nr. 830](#) om freding av Risheimøyi naturreservat, Skjåk og Lom kommunar, Oppland, jf. kap. 5, pkt. 6

Unnateke frå forbodet er også bruk av båt med elektrisk motor på inntil 800 watt på fylgjande vatn i Ottavassdraget:

- Heggjebottvatnet
- Vuluvatnet (Nysetervatnet)
- Heimdalsvatnet
- Grotlivatnet
- Søre Lægervatnet
- Nørdre Lægervatnet
- Langvatnet

## Kommunedirektøren si tilråding

Forslaget om endring av forskrift om motorferdsel i utmark og om ferdsel med luftfartøy og motorfartøy, Skjåk kommune, Innlandet, blir lagt ut til offentlig høyring og ettersyn med høyringsfrist 8. mars. Endringsforslaget gjeld endring av § 3 og vil få fylgjande ordlyd:

### **§ 3. Forbod mot bruk av motorfartøy**

*I Skjåk kommune er det sett forbod mot bruk av motorfartøy i alle vassdrag med mindre anna følgjer av denne forskrifta. Med vassdrag meiner ein opne og islagte elvar, bekkar og innsjøar.*

*Unnateke frå dette forbodet er bruk av båt med motor inntil 10 hk på:*

- Grønvatnet
- Breiddalsvatnet
- Kolbeinsvatnet
- Aursjoen
- Rauddalsvatnet
- Liavatnet
- Torsvatnet og Leirungsvatnet. Her gjeld i tillegg [forskrift 24. november 2006 nr. 1302](#) om verneplan for Reinheimen, vedlegg 1. Vern av Reinheimen nasjonalpark, Rauma, Norddal, Vågå, Lom, Skjåk og Lesja kommunar, Møre og Romsdal og Oppland, jf. § 3, pkt. 6.3, bokstav f) og g)
- Lundadalsvatnet. Her gjeld i tillegg [forskrift 7. august 2009 nr. 1064](#) om verneplan for breheimen. Vedlegg 1. Breheimen nasjonalpark, Skjåk, Lom og Luster kommunar, Oppland og Sogn og Fjordane, jf. § 3, pkt. 6.3, bokstav n)
- Ottaelva frå Marlo bru til Lom grense. På delar av denne strekninga gjeld i tillegg [forskrift 12. oktober 1990 nr. 830](#) om freding av Risheimøyi naturreservat, Skjåk og Lom kommunar, Oppland, jf. kap. 5, pkt. 6

*Unnateke frå forbodet er også bruk av båt med elektrisk motor på inntil 800 watt på fylgjande vatn i Ottavassdraget:*

- Heggjebottvatnet
- Vuluvatnet (Nysetervatnet)
- Heimdalsvatnet
- Grotlivatnet
- Søre Lægervatnet
- Nørdre Lægervatnet
- Langvatnet

Heimel: § 5 i motorferdsellova.

Hovedutval for miljø og samfunnsutvikling si behandling av sak 18/2022 i møte den 08.02.2022:

## Behandling

Samrøystes som innstillinga.

## Vedtak

Forslaget om endring av forskrift om motorferdsel i utmark og om ferdsel med luftfartøy og motorfartøy, Skjåk kommune, Innlandet, blir lagt ut til offentlig høyring og ettersyn med høyringsfrist 8. mars. Endringsforslaget gjeld endring av § 3 og vil få fylgjande ordlyd:

### **§ 3. Forbod mot bruk av motorfartøy**

*I Skjåk kommune er det sett forbod mot bruk av motorfartøy i alle vassdrag med mindre anna følgjer av denne forskrifta. Med vassdrag meiner ein opne og islagte elvar, bekkar og innsjøar.*

*Unnateke frå dette forbodet er bruk av båt med motor inntil 10 hk på:*

*- Grønvatnet*

*- Breiddalsvatnet*

*- Kolbeinsvatnet*

*- Aursjoen*

*- Rauddalsvatnet*

*- Liavatnet*

*- Torsvatnet og Leirungsvatnet. Her gjeld i tillegg [forskrift 24. november 2006 nr. 1302](#) om verneplan for Reinheimen, vedlegg 1. Vern av Reinheimen nasjonalpark, Rauma, Norddal, Vågå, Lom, Skjåk og Lesja kommunar, Møre og Romsdal og Oppland, jf. § 3, pkt. 6.3, bokstav f) og g)*

*- Lundadalsvatnet. Her gjeld i tillegg [forskrift 7. august 2009 nr. 1064](#) om verneplan for breheimen. Vedlegg 1. Breheimen nasjonalpark, Skjåk, Lom og Luster kommunar, Oppland og Sogn og Fjordane, jf. § 3, pkt. 6.3, bokstav n)*

- Ottaelva frå Marlo bru til Lom grense. På delar av denne strekninga gjeld i tillegg [forskrift 12. oktober 1990 nr. 830](#) om freding av Risheimøyi naturreservat, Skjåk og Lom kommunar, Oppland, jf. kap. 5, pkt. 6

Unnateke frå forbodet er også bruk av båt med elektrisk motor på inntil 800 watt på fylgjande vatn i Ottavassdraget:

- Heggjebottvatnet
- Vuluvatnet (Nysetervatnet)
- Heimdalsvatnet
- Grotlivatnet
- Søre Lægervatnet
- Nørdre Lægervatnet
- Langvatnet

Heimel: § 5 i motorferdsellova.